

Barn som pårørende - prosedyre

1. Mål

- Å sikre risikoutsette barn og unge tidlig hjelp i samband med foreldre sin sjukdom, skade eller avhengigheit
- Å hjelpe foreldre til å ivareta barna sine behov
- Å sette barn og foreldre bedre i stand til å mestre situasjonen når foreldre opplever psykisk sjukdom, rusmiddelavhengigheit eller alvorlig somatisk sjukdom eller skade
- Å sikre at alt helsepersonell i Luster kommune ivaretek barn når foreldra har psykisk sjukdom, rusmiddelavhengigheit eller somatisk skade eller sjukdom
- Å sikre nødvendig samarbeid mellom fagpersonar og instansar, om familien sine behov

2. Definisjoner

”Barn som pårørende” vert brukt om barn av pasientar med psykisk sjukdom, rusmiddelavhengigheit eller alvorlig sjukdom eller skade. Begrepet skal tolkast vidt og uavhengig av formalisert omsorgssituasjon. Lovbestemmelsen gjeld for mindreårige barn under 18 år og gjeld både biologiske barn, stebarn, fosterbarn, adoptivbarn og andre.

Begrepet ”foreldre” omfattar alle som har omsorgsansvar for barn, enten det er biologiske foreldre, adoptivforeldre, fosterforeldre, steforeldre eller andre som har eit omsorgsansvar.

3. Omfang

- Prosedyren gjeld alle tilsette i Luster kommune som yter hjelp til vaksne i samband med psykisk sjukdom, rusmiddelavhengigheit eller alvorlig somatisk sjukdom eller skade
- Alt helsepersonell har ei sjølvstendig plikt til å ivareta barn som pårørende jfr:
- Plikta er særleg knytta til helsepersonell med ansvar for pasienten sin behandling.

4. Ansvar for prosedyren

- Kommuneoverlege har ansvar for at prosedyren vert utarbeida og følgt opp.
- Rådmannen ved kommunalsjef for helse og omsorg godkjenner prosedyren
- Einingsleiar har ansvar for at plikta til å ivareta barn som pårørende er innarbeida i dei tilsette sine arbeidsoppgåver og at det er utarbeida rutiner som ivaretek denne plikta. Dette inneber praktisk tilrettelegging av ansvar, at dei tilsette har nødvendig kompetanse og kapasitet til å utføre arbeidet
- Alt helsepersonell har ein sjølvstendig plikt til å ivareta barn som pårørende og dokumentere korleis dette har blitt gjort, når dei er i kontakt med vaksne som er foreldre eller har eit nært omsorgsansvar for barn.
- Barneansvarleg i kommunen er: leiar for helsetasjon og skulehelsetenesten

5. Omtale av prosedyren

Helsepersonell har tre hovudoppgåver for å ivareta barn som pårørande:

- 1) å kartlegge om pasient/brukar har barn og/eller har omsorgsansvar for barn.
- 2) å kartlegge barna sine behov for informasjon og oppfølging.
- 3) å iverksette nødvendige tiltak i form av informasjon og oppfølging.

5.1 Avklare om pasienten har barn eller har omsorgsansvar for barn

Så tidlig som mulig i pasientforløpet skal det avklarast om pasienten har barn, eller har nær omsorg for barn. Kartleggingen dokumenterast i pasienten sin journal.

5.2 Samtale med pasient om barnet sitt behov.

Korttid og langtidsperspektiv. Bruk skjema ”[Kartlegging av barn 0 – 18 år når føresette, mottek helsehjelp](#)”. Vurder oppretting av IP.

Kartleggingsskjema lagrast i pasienten sin journal.

I akutte tilfelle informerast viktige omsorgspersonar om kva som har skjedd. Slik informasjon skal kun gjevast etter samtykke. Dersom kartleggingen avdekkar at barnet sin aktuelle omsorgssituasjon ikkje er god nok, må barnevern, evt. politi varslast.

Kartlegging av barna sine behov for informasjon og oppfølging. Kartlegging av barna sine behov for informasjon og oppfølging gjer ein gjennom samtale med pasient, ledsagar og/eller andre. Kartleggingen omfattar også informasjon om [aktuelle hjelpetiltak](#)

Samtale med andre enn barnet sine føresette og eventuell informasjon og oppfølging av barnet, skal kun skje etter samtykke. Etter kartleggingen skal helsepersonell, på sjølvstendig grunnlag, vurdere om barna er godt nok ivaretekne, om det er grunnlag for unntak fra taushetsplikten, om barnet treng helsehjelp eller om det skal sendast bekymringsmelding til barneverntjenesten. [Lenkje til meldeskjema til barnevernet](#).

Vurderingane dokumenterast i pasienten sin journal.

Dersom du er i tvil om barna sin omsorgssituasjon er god nok, drøft bekymringa di med nærmaste leiar eller ein kollega. Du kan også kontakte [barnevernttenesta](#) for råd og rettleiing. Kartlegging kan også gjennomførast hjå barneansvarleg eller saman med evt. kontaktperson for familien. Sjå flytskjema.

5.3 Samtykke.

Bruk tid på å oppnå samtykke. [Råd til samtale om samtykke](#)

5.4 Tiltak – gi informasjon og oppfølging. Barneansvarleg:

Ved henvendelse må fylgjande spørsmål avklarast:

- Har behandlar drøfta ivaretaking av barnet med pasienten?
- Er samtale med barnet gjennomført? Ev. kva slags informasjon vart gitt.
- Kva slags tiltak er iverksett for å fylgje opp barna?
- Er det behov for vidare oppfølging av barnet?

Avklar kven som er eller skal vere, kontaktperson for barnet evt.familien. Kontaktpersonen utarbeider [tiltaksplan](#) saman med føresette og evt. barnet, som skal involverast alt etter alder og mogning.

Tiltak skal hjelpe til med at barnet forstår det som skjer, kjenner seg trygg og inkludert, samt får hjelp til å mestre kvardagen. Informasjon og oppfølging skal tilpassast barnet sine individuelle forutsetningar. Igangsette tiltak og vurdering om behov for vidare oppfølging, dokumenterast i pasienten sin journal.

Naturlege samarbeidspartar internt i Luster kommune, er helsestasjonen, skulehelsetenesta, barneverntenesta, barnehagar og skular.

Desse kan gå inn med individuelle samtaler med barnet, kartlegge barna sine informasjonsbehov og vere trygge og støttande vaksenpersonar for barna i ei vanskelig tid.

Barneverntenesta kan gi råd og rettleiing i saker der ein er usikker på om barna sin omsorgssituasjon er godt nok ivareteken. Ein kan drøfte ei sak anonymt eller med samtykke fra føresette. Barneverntenesta skal først og fremst gje hjelp og støtte til foreldra slik at dei sjølv kan gje barna god omsorg. I samarbeid med foreldra kan barneverntenesta sette i gang ulike hjelpetiltak i familien. Barneverntenesta gjev også moglegheit for å plassere barn utanfor heimen når tilhøva er slik at barnet si helse eller utvikling kan bli alvorleg skada.

5.5 Samtalen med barnet.

Det skal vere avklart i tiltaksplanen, kven som skal samtale med barnet. [Råd og tips til korleis samtale med barn.](#)

6. Referanser

- [§ 10a. Helsepersonells plikt til å bidra til å ivareta mindreårige barn som pårørende og § 25, tredje ledd. Opplysninger til samarbeidene personell.](#)
- [RundskrivIS-5/2010.Barn som pårørende. Helsedirektoratet.](#)
- [Barnekonvensjonen.](#)
- [Skjema for å innhente samtykke.](#)
- [Skjema for kartlegging av barn 0-18 år når foreldre eller andre nære omsorgspersoner mottek helsehjelp.](#)
- [Flytskjema.](#)
- [Brosjyre – Barn som pårørende](#)